



Dato: 04.12.2023

Arkiv:

Vår ref (saksnr.):

Journalpostid.:

Dykkar ref.:

## **Referat frå møte i SU og SMU 21.11.2023**

Møtt: Birte Olivia Seland, Mika Lundeby, Tiril Haga, Ove Nikolaisen, Trude Margrethe Nygård, Frode Hagerup, Tore Ragnhild Heia for Monica Bolstad Hagen, Thor Inge Kalberg, Gerd Rusdal

### **Sak 1 23-24 Svar på høyring om Barnehage- og skulerute for 2024-2025**

SU på Frøyland ønsker alternativ 1. Dette fordi det gjer elevane ein mjukare oppstart. Ein har god erfaring med oppstart på ein torsdag. SU vil og peike på at det er uheldig at første skuledag etter jul fell på ein fredag. Ein ønskje å byte denne dagen med 22.april.

### **Sak 2 23-24 Kva gjer skulen når det vert oppdaga mobbing? (elevane legg fram)**

Vaktane i friminutta følger med og grip inn dersom noko dårleg skjer. Dersom mobbing skjer kallar skulen inn foreldra til møte. Dei kan og gje parade, anmerkning, sitje inne i friminutt, gje avgrensa friminuttområde, utvising eller måtte byte skule.

Nokon elevar er flinke til å varsle, men ikkje alltid. Elevar bør verta gode på å varsle. For dei vaksne kan det vere vanskeleg å sjå om det er mobbing, eller om det er berre tulling. Ikkje alle vaktene følger like godt med. Nokon vakter tek også berre ei side i ein sak, og gløymer å høyre dei andre.

Utestenging digitalt er vanskeleg å oppdage for dei vaksne.

Det er lettare å varsle nokon heime enn dei på skulen. Me kjenner betre dei heime. Det meste av uønska hendingar skjer i friminutta.

Det viktigaste skulen kan gjere er å følgje ekstra godt med. Det er og viktig å ta vare på kvarandre.

Refr Gerd Rusdal